


PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON OG EIGARSKAPSKONTROLL 2025-2028 LESJA KOMMUNE



Innhold

- | | |
|--|--------|
| 1. Innleiing | Side 1 |
| ○ Krav til forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll | |
| ○ Krav til plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll | |
| ○ Krav til risiko- og vesentlegvurdering | |
| 2. Forvaltningsrevisjonsprosjekter 2025-2025 | Side 3 |
| ○ Prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekter | |
| ○ Andre aktuelle forvaltningsrevisjonsprosjekter | |
| 3. Orienteringar og andre kontrollaktivitetar | Side 4 |
| ○ Aktuelle orienteringstema | |
| 4. Eigarskapskontrollar 2025-2028 | Side 5 |
| ○ Aktuelle eigarskapskontrollar | |
| 5. Gjennomføring av revisjonsprosjekter | Side 6 |
| ○ Gjennomføring av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll | |
| ○ Standard og innsynsrett | |
| ○ Rapportering og oppfølging | |

Planen vedtatt.

Kontrollutvalet 21. oktober 2024 (sak 19/24)

Kommunestyret 21. november 2024 (sak 59/24)

1. Innleiing

Krav til forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll er to verktøy som kontrollutvalet bruker for å føre kontroll med kommunen på vegne av kommunestyret. Målet er å gje kommunestyret informasjon og kunnskap om kommunen, samt bidra til læring, utvikling og forbetring i kommunen.

Kontrollutvalet skal etter kommuneloven § 23-2 sjå til at det blir utført forvaltningsrevisjon av kommunens verksemd og selskaper som kommunen har eigarinteresser i.

"Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak." (Kommuneloven § 23-3)

Kontrollutvalet skal sjå til at det blir utført kontroll med forvaltninga av kommunens eigarinteresser i selskap (eigarskapskontroll), jamfør kommuneloven § 23-2.

"Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring." (Kommuneloven § 23-4)

Kontrollutvalets kontrollarbeid omfatter også vertskommunesamarbeid, kommunale foretak, IKS, interkommunalt politiske råd, kommunale oppgavefelleskap og kommunale aksjeselskap utan statlege eller private eigarar. Det er kontrollutvalet i vertskommunen som har mynde til å bestille forvaltningsrevisjon.

Krav til plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Kommuneloven § 23-2 stiller krav om at det skal lagast ein plan som viser kva forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll som skal gjennomførast. Kontrollutvalet skal lage planen i løpet av det fyrste året etter at det er konstituert.

Kontrollutvalet har laga plan for fireårs perioda 2025-2028. Det er valgt å lage felles plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll fordi det gjev betre oversikt og heilheit over det langsiktige kontrollarbeidet. Det er ein fordel med eit pågåande revisjonsprosjekt inn i neste valperiode, fordi det tek tid å utarbeide ny plan og gjennomgang av revisjonsrapport er mykje læring for eit nytt kontrollutval.

Kommunestyret vedtek planen etter forslag fra kontrollutvalet, og kan gje utvalet fullmakt til å gjere endringar i planen.

Risikobildet endrar seg, foreslåtte tema kan bli uaktuelle og kontrollutvalet kan bli kjent med høve som medfører behov for omprioritering. Om utvalet gjer risiko- og vesentlegvurderingar som tilseier at andre tema bør prioriterast, bør planen fråvikast og det er tenleg og tidssparande at det er kontrollutvalet som kan omprioritere og gjere endringar i planen.

Krav til risiko- og vesentlegvurdering

Kommuneloven § 23-3 stiller krav om at plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll skal basere seg på risiko- og vesentlegvurdering¹ (ROV) av kommunens verksemd, verksemda i selskap som kommunen har eigarinteresser i samt kommunens eigarskap. ROV-en skal gje svar på kva område det er knytta størst risiko til, og kva område det er mest vesentleg å undersøkje.

Kontrollutvalet vedtok i sak 4/24 ein planprosess som bygger på Kontrollutvalshandboka (retteleiar frå departementet) og tilråding frå NKRF og FKT.

- Dokumentgjennomgang (årsmelding, kommunebarometer, tilsynsrapportar m.m)
- Dialogmøte med ordførar og kommunedirektør
- Orientering om kommunedirektørens internkontroll ²
- Innspel til ROV og tema for forvaltningsrevisjon frå tidlegare og noværande kontrollutval, folkevalgte og kommuneleiiing



Risiko- og vesentlegvurdering



Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Den valgte prosessen samsvarer med kontrollutvalets rammer, og prosessen har vore vel så viktig som sjølve ROV-dokumentet. Metoden gav eit tilfredstillande grunnlag og risikoen for å oversjå vesentlege områder blir vurdert som låg. Kontrollutvalet skaffa seg kjennskap og informasjon om kommunen som var viktig ved prioritering av revisjonstema.

Kontrollutvalet har gjennomført ROV ut frå to hovedperspektiv:

1. Overordna ut frå kommunelovens formål (§ 1-1)
2. "Risiko-screening" av kommunen ut frå "iboende risiko" – forslag til tema og områder ut frå samfunnsperspektiv, organisasjonsperspektiv og brukerperspektiv.

Kontrollutvalet slutta seg til sekretariatets forslag til ROV i møte 17.6.24, og prioriterte deretter tema/område for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Kontrollutvalet har valgt revisjonstema ut frå: Risiko- og vesentlegvurdering, revisjonstema som har potensiale til læring, forbedring og utvikling, aktualitet og interesse samt gjennomførte og pågåande tilsyn.

Over tid bør forvaltningsrevisjon gjennomførast for storparten av kommunens verksemd.

¹ Definisjonar frå "Anbefaling for risiko- og vesentlighetsvurdering, plan for forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll" frå NKRF (kontroll og revisjon i kommunene) og FKT (Forum for kontroll og tilsyn):

- * Risiko er faren for at det kan forekomme avvik fra for eksempel regelverk, mål, vedtak og andre føringer som kommunen har satt for den kommunale virksomheten og eierskap i selskap.
- * Med vesentlighet menes en samlet vurdering av alvorsgraden i trusselen som den enkelte risikofaktor representerer i forhold til kommunens måloppnåelse. Ulike grupper kan ha ulike oppfatninger om vesentlighet avhengig av perspektiv (økonomi, miljø, bruker, ansatt, folkevalgt/politikk).

² Risikovurdering, styring og kontrolltiltak er ein del av kommunedirektørens internkontroll og dermed ei viktig kjelde for ROV-en.

2. Forvaltningsrevisjonsprosjekter 2025-2028

Forvaltningsrevisjonsprosjekter er delt i to grupper; prioriterte og andre aktuelle.

Kontrollutvalet har 230 timer årleg til forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre undersøkingar utanom rekneskapsrevisjon. Erfaringsvis går det om lag 300 timar til forvaltningsrevisjon og 100 timar til eigarskapskontroll. Kommunestyret kan forvente 3 forvaltningsrevisjonar i løpet av 4-årsperioda med "vanleg" budsjetttramme.

Prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekter

Mogleg innfallsvinkling er ikkje uttømmende, men syner kontrollutvalets fokus.

Forslag til spørsmål/vinklingar blir vurdert før prosjektoppstart og er ikkje bindande.

1. Helse og omsorg

Bakgrunn

Helse- og omsorgstenester er ein vesentleg del av kommunens tenester og ressursbruk. Det er venta endring i folketal og alderssamansetning som vil føre til at fleire eldre vil ha behov for omsorgstilbod samstundes som det kan bli vanskelegare å rekruttere m.a. helsefagarbeidar og naudsynt kompetanse.

Innfallsvinklar

- Yter kommunen dei lovpålagte tenestene?
- Har kommunen tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse i helse- og omsorgstenestene?
- Har tenesteområda system for å sikre forsvarlege helse- og omsorgstenester?
- I kva grad er det klare ansvar- og oppgåvefordeling?
- Korleis opplever tilsette, tenestemottakarar og pårørande kvaliteten i tenestene?
- Korleis blir det sikra at tilsette har naudsynt etisk kompetanse og medvite?
- Korleis blir arbeidsmiljø, HMS, arbeidshøve og turnus ivaretatt?

2. Internkontroll, kvalitetsikring og avvikssystem

Bakgrunn

Internkontroll er å forebygge og hindre brudd på lovverk og kommunens eigne mål og rutiner. Ein velfungerande internkontroll er viktig for at kommunen kan nå sine mål, følge lovverket og levere gode tenester.

Innfallsvinklar

- I kva grad har kommunen etablert ein systematisk internkontroll?
- I kva grad samsvarer kommunens internkontroll med krava i kommuneloven § 25?
(beskrivelse av oppgåver, mål, organisasjon, risikovurdering, rutiner og prosedyrer samt, avvikshandsaming, dokumentasjon og evaluering).

3. Økonomi – offentlig innkjøp og anskaffelse

Bakgrunn

Lovverket om offentlig anskaffelse er komplisert og det er stor sannsynlegheit for at det oppstår avvik. Det kan få store konsekvenser for kommunen i form av bøter, negativ omtale og dårleg bruk av offentlege midler.

Innfallsvinklar

- I kva grad blir lovverket fulgt ved konsulentvalg og ved vedlikehald- og byggeprosjekter?
- Er ansvar, roller og rutiner mellom kommunen og innkjøpskontoret avklarte?
- Har kommunen tilstrekkelege interne rutinar og prosedyrer?
- I kva grad er rutinane kjent og fulgt?
- Har kommunen gode rammeavtaler og i kva grad blir dei brukt?

Andre aktuelle forvaltningsrevisjonsprosjekter

- Skule og barnehage: Psykososialt miljø.
- Organisasjon: Arbeidsgjevarstrategi, kompetanseplanar, personal- og HMS-tiltak.
- Forvaltning bygg og anlegg: Planer, ressursar, status.

3. Orienteringar og andre kontrollaktivitetar

Planen har fleire tema enn det vil være ressursar til å undersøke som forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll. Mange tema vil bli fulgt opp av kontrollutvalet gjennom m.a. orienteringar frå kommunens administrasjon og verksemdsbesøk. Kontrollutvalet vil lage årsplan for slikt kontrollarbeid, men det kan også være ad-hoc-bestilling av orienteringar knytta til aktuelle saker og henvendingar.

Aktuelle orienteringstema

- Status og revidering av kommunens planverk
- Kommunens reglement
- Tilsyn og tilsynsrapporter
- Planer for vedlikehald av bygg og anlegg
- HMS-planer og tiltak

4. Eigarskapskontroll 2025-2028

Eigarskapskontroll kan gjennomførast som eige prosjekt eller i kombinasjon med forvaltningsrevisjon av selskapet.

Antall revisjonsprosjekt avheng av kontrollutvalets budsjett og omfang av valgte prosjekt, samt prioritering mellom forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

I og med at det er gjennomført eigarskapskontroll av eit kommunalt selskap i 2024, vil ikkje kontrollutvalet prioritere eigarskapskontroll i denne planperioda.

Endeleg utforming av problemstilling blir vurdert før bestilling av prosjekt.

Aktuelle eigarskapskontrollar

Mange av selskapa som kommunen har eigarskap i, er av vesentleg interesse. Dei har mykje å seie samfunnsmessig, økonomisk og/eller for kommunens verksemd og tenester.

- Generell eigarskapskontroll: Er kommunens eigarstyring i samsvar med kommunens eigarmelding og anerkjente eigarskapsprinsipper? Når kommunen sine mål?
- Eigarskapskontroll og evt. forvaltningsrevisjon av Eidefoss AS
- Eigarskapskontroll og evt. forvaltningsrevisjon av GIAX AS

5. Gjennomføring av revisjonsprosjekter

Gjennomføring av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Innlandet Revisjon IKS, som er kommunens valgte revisor, utfører forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll etter bestilling frå kontrollutvalet.

I forkant av revisjonsprosjektet, vil revisjonen vanlegvis utarbeide foranalyse og prosjektplan som kontrollutvalet godkjenner. Foranalyse ser nærare på temaet; status, forslag til formål og problemstillinger, og nokre gonger er dette ei tilstrekkeleg undersøking. I prosjektplanen blir formål og problemstillinger (revisjonskriterier) avklart, samt framdriftsplan og omfang.

Vanlege metoder for datainnsamling er dokumentanalyse/gjennomgang, intervju, identifisering av risiko, analyse av statistikk, spørreundersøking, testing av rutiner.

Revisor sender oppstartsbrev med informasjon om prosjektet til dei berørte leiarane.

Standard og innsynsrett

Revisor skal utføre forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll etter standarder og rettleiar utgjeve av NKRF (Norsk kommunerevisorforbund).

Revisor har innsynsrett til alle naudsynte opplysningar og dokumenter i kommunen, uavhengig av teieplikt. Revisor har også innsynsrett i interkommunale selskap, interkommunale politiske råd, kommunale oppgåvefellesskap, kommunale aksjeselskap utan statlege eller private eigarar samt verksemdar som utfører oppgåver for kommunen.

Rapportering og oppfølging

Revisor rapporterer til kontrollutvalet. Før rapporten blir handsama i kontrollutvalet, får kommunedirektør høve til å uttale seg om forvaltningsrevisjon i kommunen og eigarrepresentantene om eigarskapskontroll.

Kontrollutvalet legg fram rapportar frå forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for kommunestyret med forslag til vedtak.

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyrets vedtak blir fulgt opp og rapporterer til kommunestyret om dette, enten gjennom kontrollutvalets årsmelding eller som eigen sak.